



KYSTVERKET

Hovudkontoret

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:
16/2106-

Vår ref.:
2016/5594-7

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Trude Blankholm Strømme

Dato:
04.01.2017

Ny forskrift om offentlege arkiv - Høyring

Vi viser til dykkar brev av 21. oktober 2016 som gjeld høyring av ny forskrift om offentlege arkiv.

1. Generelt om forslaget til ny arkivforskrift

Kystverket er samd i at det kan vere føremålstenleg å gå over til eit mindre detaljorientert arkivregelverk. Slik regelverket er i dag med mange detaljar, så er det svært uoversiktleg og vanskeleg å orientere seg i dette regelverket. Dette gjeld særleg Riksarkivarens forskrift. Forslag til endringar i Riksarkivarens forskrift er ikkje med i denne høyringa, men vil i følgje høyringsnotatet bli sendt på høyring så snart som mogeleg.

Det er mykje positivt i forslaget til ny arkivforskrift. Kystverket hadde likevel ønska at ny arkivforskrift var meir tilpassa den digitale utviklinga som har skjedd og som kjem til å skje vidare i tida framover. Sjølv om arkivforskrifta skal vere teknologinøytral, så meiner vi det hadde vore naturleg å omtale krava om digitalisering som er satt av styresmaktene i Digitaliseringsrundskrivet. Dette rundskrivet er berre nemnt i samband med temaet skytenester. Vidare så stiller vi spørsmål om ikkje det offentlege burde ha vore pålagt å ha digitalt arkiv.

2. Definisjonar § 2 – omgrepet «dokument» og «saksdokument»

Kystverket ser det som positivt at det er foreslått ei eiga føresegn med definisjonar. Det er også positivt at det ikkje er vist til andre lover og forskrifter i definisjonane av dei ulike omgrepa. Vi har likevel nokon kommentarar til forslaga til definisjonar som vil bli omtalt i det følgjande.

a. «Dokument»

I definisjonen av «arkivmateriale» er det brukt omgrepet «dokument». Men omgrepet «dokument» er ikkje definert i forslaget til ny arkivforskrift. Det er heller ikkje omtalt nærmare i høyringsnotatet.

Arkivlova fokuserer på det tradisjonelle dokumentomgrepet, noko som er relativt enkelt å handtere. Ved sakshandsaming som skjer i Kystverket, er faktum ofte dokumentert i elektroniske databasar der dokumenta er bilete og andre type data, eller databasar som omfattar ei rekkje ulike type informasjon, til dømes loggar knytt til operativt tilsyn og myndigheitsutøving.

Stab for interne tjenester

| | | | | | |
|----------------------|---|-----------|---------------|------------|--------------------|
| Sentral postadresse: | Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND | Telefon: | +47 07847 | Internett: | www.kystverket.no |
| | | | | E-post: | post@kystverket.no |
| For besøksadresse se | www.kystverket.no | Bankgiro: | 7694 05 06766 | Org.nr.: | NO 874 783 242 |

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

I tillegg til å drive tradisjonell enkeltsakshandsaming, er offentleg forvaltning i alt større grad òg ein dataforvaltar. Forvaltninga samlar inn, deler og handterer store mengder data i dag. Dette er ikkje nødvendigvis tradisjonelle saksdokument, men saksdokument i ei teknologinøytral betyding. Døme på dette er data frå automatisk identifikasjonssystem for fartøy (AIS) som i fleire tilfelle blir ein del av saksdokumenta i saker handsama av Kystverket.

For Kystverket har denne teknologiske datautviklinga skapt nye spørsmål knytt til journalføring og arkivering.

Kystverket har både i samband med evaluering av offentleglova og erfaringar med forvaltningslova ytra eit ønskje om eit tydlegare fokus på den digitaliseringa som skjer i forvaltninga og som fører til at data flyt mellom forvaltningsorgana og mellom forvaltningsorgan og private partar på ein heilt anna måte enn tidlegare.

Kystverket meiner det kan vere trong for ei nærmare presisering av journalførings- og arkiveringsplikta for skriftleg kommunikasjon som går føre seg på SMS/MMS og sosiale medium som Facebook, Twitter og Snapchat. Døme på dette er førespunader som skjer på Facebook-sida til eit forvaltningsorgan, kommunikasjon på SMS/MMS og chat-tenester slik som på Skype. Denne problemstillinga meiner vi er aktuell òg når det gjeld arkivlova og arkivforskrifta.

Dette særleg med tanke på at arkivlova samspekar med forvaltningslova og offentleglova for å få ei opa forvaltning. Som det står innleiingsvis i høyringsnotatet, er arkivlova viktig i samspelet med forvaltningslova og offentleglova for å få sikre opne prosessar i det offentlege.

Dokumentomgrepet bør harmonerast når det gjeld desse tre lovene med forskrifter; arkivlova, forvaltningslova og offentleglova.

Omgrepet «dokument» meiner vi uansett må vere nærmare definert i ny arkivforskrift.

b. «Saksdokument»

Det sentrale omgrepet «saksdokument» er ikkje definert i forslag til ny arkivforskrift § 2. Det er forsøkt definert i § 9 om journalføring, men det er her berre vist føresegner i offentleglova og offentlegforskrifta. Ein slik lov- og forskriftsteknikk vil svekke rettsinformasjonen. Det beste er å ta inn teksten i føresegna, slik at forskrifta gir eit meir dekkjande bilete av reglane på området. Det er ikkje mogeleg å forstå journalføringsplikta utan å samanstille ei rekkje andre føresegner i offentleglova og offentlegforskrifta. Sjølv om ein har desse rettskjeldene tilgjengeleg, så vert kunnskapen vanskeleg å tileigne seg. Regelverket er relevant for mange brukarar med ulik bakgrunn og kompetanse, og det bør difor utformast med omsyn til dette.

3. Internkontroll for arkiv § 3

Det er foreslått krav om system for internkontroll for arkiv. Kystverket ser fram til at der blir ein klar heimel for internkontroll for arkiv. Innhaldet i dette kravet er likevel ikkje heilt klart, og Kystverket meiner det er trong for nærmare presisering av kva dette kravet inneber, anten det vert gitt i ein vegleiar til arkivforskrifta om internkontroll for arkiv, i eit rundskriv eller på annan måte som gir opplysningar om kva dette kravet inneber, til dømes ved at Riksarkivaren gir «*utfyllande føresegner om internkontroll for arkiv*» slik det står i siste ledd i foreslått § 3 om internkontroll for arkiv.

4. Særreglar for kommunar og fylkeskommunar

I forslaget til ny arkivforskrift er der fleire føresegner som inneheld særreglar for kommunane og fylkeskommunane. Dette gjer at arkivforskrifta vert mykje meir detaljert og uoversiktleg enn kva tilfellet hadde vore utan desse særreglane. Desse reglane kunne slik

vi ser det truleg med fordel ha vore flytta til særlovgivinga for kommunane og fylkeskommunane. Det vil vere meir brukarvenleg for kommunane og fylkeskommunane, særleg ved at kommunelova er mykje meir kjent og brukt en arkivforskrifta.

5. Kassasjon § 21

Forslag til ny føresegn om kassasjon er svært lik den som gjeld i dag, jf. gjeldande arkivforskrift § 3-21 om kassasjon. I Riksarkivarens forskrift er det gitt ei mengde føresegner om kassasjon. Om arkivforskrifta sine reglar om kassasjon er oversiktelege nok, så er ikkje reglane i Riksarkivarens forskrift det.

Kystverket har opplevd reglane om kassasjon i Riksarkivarens forskrift som svært omfattande og detaljerte, og at det er nærmast uråd å overhalde alle krava. Ein har vore avhengig av godvilje frå Riksarkivet for å sannsynleggjere at reglane i prinsippet har vorte haldne. Elles hadde Kystverket vorte sitjande med eit stort papirarkiv med dei kostnadane det ville ha ført med seg ved leige av lokale for lagring.

Som følgje av desse omfattande og detaljerte reglane om kassasjon, kan det offentlege Noreg verte sitjande med ei stor mengde papirarkiv som det ikkje er råd å få kassert, med dei store samfunnsøkonomiske kostnadane det medfører med utgifter til oppbevaring. Kystverket føreset difor at det vert ei endring av desse reglane. Kystverket etterspør også nasjonale retningslinjer for kassasjon av statlege arkiv, noko som Riksarkivet har hatt planar om å utarbeide i lang tid.

På bakgrunn av dette er det bra at føresegna om straffeansvar for brot på reglane om kassasjon ikkje er foreslått vidareført i ny arkivforskrift.

6. Lagring av digitalt arkivmateriale utanfor Noreg § 22 - Skytenester

Kulturdepartementet ønskjer særskilt høyringsinstansane sitt syn på forslag til føresegn om lagring av digitalt arkivmateriale utanfor Noreg, såkalla skytenester.

I Digitaliseringsrundskrivet står det at det frå styresmaktene si side er ønskjeleg å ta i bruk skytenester der det er føremålstenleg.

Kystverket vil påpeike at sjølv om ein utanlandsk leverandør vert pålagt omfattande plikter for å sikre arkivmaterialet, særleg i høve til informasjonstryggleik og lovbestemt teieplikt, så vil det alltid kunne oppstå spørsmål om jurisdiksjon og lovval som kan ha innverknad på gyldigheit og tolking av vilkåra i avtalen.

Med helsing

Kirsti Slotsvik
kystdirektør

Lidvard Måseide
stabsdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskiven signatur.